



## Referat møte i FAU, tysdag 07.11.23

Tilstades: Hanne Katrine Mundal, Jeanette Haugsbø, Linn Terese Nyhamn Engvik, Magdalena Dobosz Håvik, Ingeborg Espeland Grinde (FAU-leiar 22/23)

Ikkje tilstades: Håvard Korsvoll og Hilde Marie Solheim

Referent: Rektor

### Sakliste:

#### 1. Val:

- a. Einstemmig: Leiar Ingeborg Grinde, nestleiar Linn Terese Nyhamn Engvik, skrivar/kasserar Håvard Korsvoll, Jeanette Haugsbø vart vald som FAU sin representant i SU saman med Ingeborg.

#### 2. Den nye hallen.

- a. Rektor informerte kort om korleis skulen brukar Bygstadhallen: 1-3 trinn brukar hallen i undervisningsøkter, men ikkje i friminuttar. 4-7 brukar hallen i storefri måndag, tysdag, torsdag og fredag.
- b. Skulen er bevisst på at elevane skal i størst mogleg grad være ute i friminutta på dagar der det er naturleg å være ute.

#### 3. Nasjonale prøvar

- a. Rektor informerte om resultatane på nasjonale prøvane og at dei vert brukt til å sjå på korleis vi kan justere undervisinga og arbeidsmetodane på skulen.

#### 4. Ymse

- a. Aktivitetsdagar og klassetreff er populære tiltak som elevane ser fram til
- b. Rektor informerte om bemanningssituasjonen på skulen
- c. Mot mobbing-luer. FAU ynskjer å dele desse luene ut til 1. klasse. Ingeborg kontaktar May Linn, klassekontakt 1. trinn.
- d. Ynskje om betre informasjon i forbindelse med skulestart for 1. klasse. Rektor skal starte prosessen med å informere om skulestart tidlegare på våren etter tilbakemelding frå FAU. Dette gjeld også rutinar kring innsøking av SFO.

#### 5. FAU leiar informerer

- a. Midlar på 5000 vart tildelt skulen i fjor, Den står på klassekontoen til 7. klasse, ser etter kva ein kan bruke det til. Søker om utsetting for bruk.
- b. Ingeborg informerer om korleis Bygstad skule ligg i løypa for å få oppjustert uteområdet: Skei, Vassenden og Sunde skule ligg framfor oss i løypa.
- c. I forbindelse med utbetringar av uteområde er det avgjerande at teknisk etat i kommunen er med på dei tiltaka som skal gjerast. Alle tiltak må godkjennast av rett tilsyn.
- d. Oppretting av felles e-post-konto for Bygstad FAU for å lagre via Dropbox som alle har tilgang til.

**Møtet slutt 18.55.**